



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Møterom i Turbinen
Dato: 15.05.2018
Tidspunkt: 15:00 – 18:15

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Boris Groth	Leiar	FRP
Bente Sundheim	Nestleiar	H
Björg Aase N. Hop	Medlem	AP
Odd Jøran Oldervik	Medlem	SV

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Terje Davidsen	Medlem	AP

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Varamedlem for Terje Davidsen var innkalla, men meldte forfall same dag som møtet. Difor møtte ingen vararepresentantar.

Merknader

Først omvisning i Turbinen (kl. 15.00 – 16.00), der kun kontrollutvalet deltok. Deretter kom dei øvrige som skulle delta i møtet og sakshandsaminga starta.

Andre som møtte:

Navn	Stilling
Anne-Tine Berge	Rekneskapsrevisor frå Deloitte – i heile møtet
Kjersti Gjuvland	Forvaltningsrevisor frå Deloitte – i heile møtet
Trine Pettersen Grønbech	Rådmann – i heile møtet
Åse Elin Myking	Ass. rådmann – i heile møtet
Anita Sæviid	Styreleiar i Vaksdal kommunale Arbeids- og Opplæringscenter KF – i PS 25/18
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune – i heile møtet

Boris Groth
utvalsleiar

Kari Marie Nygard
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
PS 23/18	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 24/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 25/18	Årsrekneskap og årsmelding 2017 for Vaksdal kommunale Arbeids- og Opplæringscenter KF - Uttale frå kontrollutvalet		2017/28
PS 26/18	Årsrekneskap og årsmelding 2017 for Vaksdal kommune - Uttale frå kontrollutvalet		2017/28
PS 27/18	Presentasjon av og orientering frå rådmannen i Vaksdal kommune		2017/40
PS 28/18	Oppfølging av selskapskontroll om eigarskapskontroll frå 2015 - orientering frå rådmann		2017/52
PS 29/18	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Vaksdal kommune		2017/46
PS 30/18	Revisjonsplan for Vaksdal kommune 2018		2017/28
PS 31/18	Forvaltningsrevisjon av sakshandsaming, arkivering og journalføring - løypemelding ved Deloitte		2017/105
PS 32/18	Gjennomgang av møteprotokollar		2017/47
PS 33/18	Referatsaker		
RS 5/18	Forum for Kontroll og Tilsyn - medlemsinfo mai 2018		2017/94
PS 34/18	Eventuelt		

PS 23/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2018

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

Vedtak:

Sakliste og innkalling vart samrøystes vedteke.

PS 24/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2018

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje merknader til protokoll frå kontrollutvalsmøte 11.04.18.

Vedtak:

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 11.04.18 vart samrøystes vedteke.

PS 25/18 Årsrekneskap og årsmelding 2017 for Vaksdal kommunale Arbeids- og Opplærings-senter KF - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet registrerer at Vaksdal kommunale arbeids- og opplærings-senter KF i 2017 hadde eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 183 826 og eit netto driftsresultat på + 10,26 %, noko som er monaleg over både resultatet i heile kommunesektoren og tilrådinga til TBU..
2. Kontrollutvalet støttar seg elles til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Vaksdal kommunale arbeids- og opplærings-senter KF for året 2017, og har ikkje øvrige merknader til denne.
3. Uttalen vert send kommunestyret via formannskapet.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2018

Handsaming i møtet:

Styreleiar Anita Sævilid presenterte årsmelding og årsrekneskap for Vaksdal Arbeids- og Opplærings-senter KF, Ho orienterte om drfta i selskapet og planar framover. Kontrollutvalt gav tilbakemelding om at verksemda gjev eit godt tilbud til brukarane og verdien dette gjev. Revisjonen ved rekneskapsrevisor Anne-Tine Berge presenterte kort revisjonsmeldinga. Det kom ingen merknader til forslag til uttale. Forslag til uttale vart samrøystes vedteke

Uttale:

1. Kontrollutvalet registrerer at Vaksdal kommunale arbeids- og opplærings-senter KF i 2017 hadde eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 183 826 og eit netto driftsresultat på + 10,26 %, noko som er monaleg over både resultatet i heile kommunesektoren og tilrådinga til TBU..
2. Kontrollutvalet støttar seg elles til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Vaksdal kommunale arbeids- og opplærings-senter KF for året 2017, og har ikkje øvrige merknader til denne.
3. Uttalen vert send kommunestyret via formannskapet.

PS 26/18 Årsrekneskap og årsmelding 2017 for Vaksdal kommune - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Vaksdal kommune sin årsrekneskap for 2017.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 5 for 2017 frå Deloitte ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 05.09.2018 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2018

Handsaming i møtet:

Ass. rådmann Åse Elin Myking presenterte hovudtrender i årsrekneskap for 2017. Rekneskapsrevisor Anne-Tine Berge presenterte revisjonsmelding og revisjonsrapport. Rådmann Trine Grønbech var og tilstades under handsaminga og kommenterte årsmelding og rekneskap. Forslag til uttale vart kort gjennomgått og det kom ikkje forslag til endringar av denne. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Vaksdal kommune sin årsrekneskap for 2017.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 5 for 2017 frå Deloitte ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 05.09.2018 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.

PS 27/18 Presentasjon av og orientering frå rådmannen i Vaksdal kommune

Forslag til vedtak

Ikkje lagt fram.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2018

Handsaming i møtet:

Rådmann Trine Grønbech innleia med å rosa administrasjonen i kommunen som har gjort ein god jobb i hennar fråvær. Ho peika og på at arbeid med å leggja fram årsmelding og rekneskap med berre litt avvik i høve til sentrale fristar har vore ein god prestasjon.

Rådmannen presenterte seg så og fortalde om bakgrunn, utdanning og erfaring. Ho sa og litt om forventningar til kontrollutvalet sitt arbeid, og at det vil vera positivt med ein god dialog med utvalet, revisjonen og sekretariatet. Kontrollutvalet gav positiv tilbakemelding på informasjonen frå rådmann og takka for interessant orientering. Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet takka for god informasjon og tok den til orientering.

PS 28/18 Oppfølging av selskapskontroll om eigarskapskontroll frå 2015 - orientering frå rådmann

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2018

Handsaming i møtet:

Rådmann Trine Grønbech presenterte utkast til Eigarskapsmelding som nå er utarbeida. Ho gjekk gjennom bakgrunn for arbeidet, kva Eigarskapsmeldinga omfattar og viktige prinsipp og verdiar som er lagt til grunn. Det er planlagt å ta Eigarskapsmeldinga opp til politisk handsaming etter at årsoppgjersrapportar for 2017 er innhenta. Det vert vidare lagt opp til ein årleg gjennomgang, og at denne vert lagt fram for kommunestyret og til dømes kontrollutvalet.

Etter drøfting gjorde kontrollutvalet slikt samrøystes vedtak:

Vedtak:

1. Kontrollutvalet seier seg nøgd med oppfølgingsarbeidet med eigarskapskontroll så langt.
2. Kontrollutvalet vil be om ny informasjon om vidare arbeid etter politisk handsaming av Eigarskapsmeldinga.

PS 29/18 Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Vaksdal kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Unni-Renate Moe, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Vaksdal kommune, til etterretning.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2018

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet merka seg uavhengighetserklæringa. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor Unni-Renate Moe, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Vaksdal kommune, til etterretning.

PS 30/18 Revisjonsplan for Vaksdal kommune 2018

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2018 frå Deloitte AS til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2018

Handsaming i møtet:

Rekneskapsrevisor Anne-Tine Berge presenterte revisjonsplan. Kontrollutvalet kom med kommentarar og spørsmål som vart svara på. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2018 frå Deloitte AS til orientering.

PS 31/18 Forvaltningsrevisjon av sakshandsaming, arkivering og journalføring - løypemelding ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2018

Handsaming i møtet:

Forvaltningsrevisor Kjersti Gjuvsland frå Deloitte orienterte om status for arbeid med forvaltningsrevisjon av saksførebuing og offentleg sakshandsaming. Arbeidet er så langt omlag i tråd med tidsplan. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

PS 32/18 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2018

Handsaming i møtet:

Aktuelle møteprotokollar blei gjennomgått og kommentert. Det var ingen saker ein ville spørja nærmare etter på nåverande tidspunkt. Forslag til vedtak blei samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

PS 33/18 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2018

Handsaming i møtet:

Det var kun ei referatsak å ta opp i dette møtet:

- RS 5/18 – FKT – medlemsinfo mai 2018

Samrøystes vedtak om å ta den til orientering.

Vedtak:

Referatsaka vart teke til orientering.

PS 34/18 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2018

Handsaming i møtet:

Det var ingen saker å ta opp under eventuelt.

Vedtak:

Ingen vedtak fatta.